# Meland kommune

Maria og Frode Krossnes
Flatøyvegen 1
5918 FREKHAUG

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 19.10.2016 |
| Dykkar: | Marianne Aadland Sandvik | |
| Vår: 16/2409 - 16/19968 | marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no | |

## GBNR 1/273 - Oppføring av vinterhage - Flatøy

Takk for tilbakemelding.

Tiltak av denne storleik er ikkje søknadspliktig ved oppføring på bebygd eigedom, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 4-1. På bakgrunn av opplysningane de kjem med legg Meland kommune til grunn at vinterhagen ikkje er søknadspliktig, under føresetnad av at den er oppført på dykkar grunn, gbnr. 1/273.

Vi gjer merksam på at tiltak som ikkje er søknadspliktig skal informerast om til kommunen når tiltaket er ferdigstilt, slik at kommunen kan oppdatere kart- og matrikkeldata for eigedomen, jf. SAK10 § 4-1 siste ledd. Skjema for slik melding finn de på kommunen si nettside.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Maria og Frode Krossnes | Flatøyvegen 1 | 5918 | FREKHAUG |